



Mattilsynet

Att:

Felles postmottak Postboks 383  
2381 BRUMUNDDAL

## Kommentarar til Mattilsynets utkast til forskrift om kontroll med lakselus i akvakulturanlegg.

Her følgjer kommentarane frå Fiskeridirektoratet.

### Kommentar til § 1.

Det vil vere hensiktsmessig å få klart fram at formålet er knytt til fiskehelse og fiskevelferd. Fiskeridirektoratet fører tilsyn etter akvakulturdriftsforskrifta §§ 15, 15a, 15b og forskrift om transport av akvakulturdyr § 22a. Her følgjer eit forslag til presisering av § 1 bokstav c, slik at skiljet mellom tilsynsområda våre kan bli meir synleg: «Forskriften skal bidra til god fiskehelse og fiskevelferd ved at [...] c) skader på vill eller oppdrettet fisk som følge av lakselus eller behandling mot lakselus unngås.»

### Kommentar til § 3.

§ 3 definerer, i e), skottelus og, i f), behandling på ein slik måte at forskrifta også inkluderer behandling mot skottelus. Dette støttar vi fullt ut, i forlenginga av at vi fører tilsyn med miljømessig forsvarleg bruk av legemiddel etter akvakulturregelverket. Fiskeridirektoratet ser det som ein fordel at bruk av legemiddel til avlusing blir rapportert til myndigheitene, uavhengig av om dette er behandling mot lakselus eller skottelus, jf. akvakulturloven § 10.

Sjå elles kommentaren vår til § 8.

### Kommentar til § 4.

Mattilsynet skriv i høyringsnotatet at ei to vekes utviding av tidsrommet med lusegrense 0,2, kan resultere i fleire behandlingar mot lakselus i denne perioden. Det er verdt å merke seg at vi har sett høge rømmingstal etter fleire uhell i samband med slike behandlingar dei siste åra. Fiskeridirektoratets statistikk for perioden 2014 til 2019 viser at om lag tre av fire rømmingshendingar kan knytast til ein arbeidsoperasjon. For sjøanlegg utmerkar avlusing seg som den arbeidsoperasjonen med flest rømmingshendingar. Avlusing er også den arbeidsoperasjonen som bidreg med klart

flest rømte fisk, då over halvparten av fisken som rømte under ein arbeidsoperasjon rømte i samband med avlusing. Sett i lys av dette er det ein viss risiko for at ei utvida periode med lågare lusegrense kan føre med seg ein auka risiko for rømming.

Ei utvida periode med lågare lusegrense om våren og sommaren kan også føre til at det blir brukt meir legemiddel til avlusing, noko som kan påverke miljøet negativt.

I år opnar fisket etter villfanga leppefisk i veke 29 sør for Stadt, som svarer til produksjonsområda 1-4. Nord for Stadt opnar fisket i veke 31. Dermed er det berre den villfanga leppefisken som har overvintra frå sist fangstsesong som er tilgjengeleg for bruk i akvakulturdrifta under perioden med nedjustert grense for tillate nivå av lakselus. Unntaket er at i veke 29 kan villfanga leppefisk fraktast frå Sørlandet og nordover, og dermed kunne brukast i den siste veka med 0,2-grense i produksjonsområde 12 og 13. Dette vil seie at rensefiskane som er aktuelle for bruk i perioden frå veke 16 til 28, er oppdretta rognkjeks og oppdretta berggylt, i tillegg til eventuell overvintra villfanga leppefisk.

### **Kommentar til § 5.**

Meir og betre førebyggjande arbeid kan redusere behovet for å behandle fisken mot lus. Dette støttar vi fullt ut. Den foreslåtte plikta kan føre til redusert risiko for både rømming av laks og utslepp av legemiddel, sett i samband med kommentarane over (til § 4).

Eit viktig moment er at innskjerpingane i forskrifta vil gi eit auka fokus på å førebygge lusepåslag, noko som truleg vil utløyse både bruk av ny teknologi og meir omfattande bruk av allereie tilgjengelege løysingar.

Bruk av rensefisk kjem inn under førebyggjande tiltak, sidan det ikkje er definert som behandling i § 3. Etterspurnaden etter villfanga leppefisk er høg og tilbodet av villfanga leppefisk er lågare enn etterspurnaden. Dei siste åra har reguleringa av fisket etter leppefisk blitt meir lik reguleringa av andre større, kommersielle artar. I fisket etter leppefisk er det innført regulering av deltakinga i fisket, kvoter (totalkvoter og kvote på fartøynivå), i tillegg til at det er innført reglar knytt til sjølve utøvinga av fisket. Desse tiltaka er innførte for å sikre ei berekraftig forvaltning av fisket etter leppefisk. Det er også aukande interesse for oppdrett av berggylte. For å sikre tilgangen til stamfisk av berggylte, kan Fiskeridirektoratet etter § 15 i forskrift om regulering av fisket etter leppefisk i 2020 gi dispensasjon for fiske etter stamfisk. Dette uttaket skal også vere inkludert i totaluttaket, som er sett til 18 millionar leppefisk i 2020.

Dei siste åra har bruken av oppdretta rensefisk vore høgare enn bruken av villfanga rensefisk. Den oppdretta rensefisken er i all hovudsak rognkjeks, men det blir også produsert noko berggylte. I det førebyggjande arbeidet mot lus kan det tenkast at bruken av oppdretta rensefisk kjem til å auke ytterlegare.

Skottelus er heilt klart ei utfordring i enkelte område, men resistant skottelus er ikkje nemnt i § 5. Om det begynner å utvikle seg resistant skottelus, kan det resultere i fleire behandlingar og dermed meir handtering (rømmingsfare) og auka bruk og utslepp av legemiddel (miljørisiko).



### **Kommentar til § 8.**

I akvakulturdriftsforskrifta §§ 15 og 15b er det stilt opp konkrete krav som gjeld behandling med legemiddel mot lakselus. Dette gjer at det stillast ulike krav til oppdrettaren, avhengig av om behandlinga blir gjort mot lakselus eller skottelus. Fiskeridirektoratet ser det som ein fordel at bruk av legemiddel til avlusing blir rapportert til myndigheitene, uavhengig av om dette er behandling mot lakselus eller skottelus.

### **Kommentar til § 18.**

Det er foreslått at den nye forskrifta skal tre i kraft «straks den er fastsatt», og samstundes skal den gjeldande forskrifta om bekjempelse av lakselus opphevast. Det følgjer likevel av forvaltningsloven (fvl.) § 39 at ei forskrift som utgangspunkt ikkje kan visast til før ho er kunngjort i samsvar med fvl. § 38, med dette gjennom kunngjering i Norsk Lovtidend. For å unngå eventuelle problemstillingar i overgangen frå gjeldande til ny forskrift – i tidsrommet mellom fastsetjing og kunngjering – har vi vurdert at følgjande formulering er noko tryggare: «Forskriften trer i kraft ved kunngjøring i Norsk Lovtidend» (eller ei liknande formulering).

Med helsing

Mette Remø  
seksjonssjef

Magnus Torvik  
seniorrådgiver

*Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift.*



**Mottakarliste:**

Mattilsynet

Felles postmottak  
Postboks 383

2381 BRUMUNDDAL

**Kopi til:**

Ressursavdelingen

Tilsyns- og miljøseksjonen

